



Morten Arve Kolås
Kolåsvegen 134
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1633 - 19/26382

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
09.09.2019

Utsleppsløyve - gbnr 234/45 Eide ytre

Administrativt vedtak: **Saknr: 488/19**

Byggestad: Gbnr: 234/45
Tiltakshavar: Morten Arve Kolås
Ansvarleg søkjar: Stusdal VVS AS
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for fritidsbustad på gbnr 234/45. I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i slamavskiljar før utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø. Det skal installerast vass-klosett. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 31.05.2019 med tilleggskommunikasjon mottatt 06.08.2019 og 23.08.2019.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som byggjeområde for fritidsbustadar. Tiltaket ligg innan for 100-metersbeltet langs sjø.

Det er gitt dispensasjon frå plankravet, jf. føresegn 1.1 i kommuneplanen, og plan- og bygningslova § 1-8 i administrativt vedtak saknr. 498/19 datert 06.09.2019.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 01.07.2019 som er mottatt 23.08.2019.



Reinseløysing

Utsleppet frå egedomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område, jf. § 12-8 i forskrift om begrensing av forurensing.

Drift og vedlikehald

Egedomen skal inngå i kommunal slamtømmeordning. Forskrifta gjeld for heile kommunen med unntak av

- Veglause grender og øyar og egedomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett
- Egedomar der tømmetanken ligg lengre enn 100 meter frå køyrbar bilveg
- Egedomar der tømmetanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf. forureiningsforskrifta § 12-13.

Det ligg føre stadfesting frå Norva 24 Birkeland mottatt 06.08.2019 om at slamtømming kan gjennomførast innanfor ordinære vilkår i slamtømmeforskrifta.

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegget er plassert på eigen eigeedom.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området. Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik han ligg føre med utslepp via slamavskiljar til sjø. Det vert sett vilkår om at anlegget skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap 20 og hamne- og farvasslova. Saka vert oversend Bergen og Omland havnevesen, som forvaltar hamnelova på vegne av kommunen, for handsaming etter særlov. Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova ligg føre og vil verta handsama i eige vedtak når avgjerd etter hamnelova er fatta.

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, vert det gjeve utsleppsløyve for gbnr 234/45 på følgjande vilkår:

- 1. Utsleppet frå egedomen skal reinsast i slamavskiljar av godkjend type før utsleppet vert ført i tett nedgraven leidning til sjø på 15 meter djupne.**
- 2. Utsleppet frå egedomen vert gitt for 5 pe.**
- 3. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.**
- 4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstillast krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.**
- 5. Det skal betalast slangebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.**

6. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
7. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnummer.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Morten Arve Kolås
Stusdal VVS AS

Kolåsvegen 134 5955
Apalen 17 5915

LINDÅS
HJELMÅS

Mottakarar:

Morten Arve Kolås
Stusdal VVS AS

Kolåsvegen 134 5955
Apalen 17 5915

LINDÅS
HJELMÅS